



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Delegert vedtak

Stian Mæland  
Fundinglandsvegen 86  
4130 HJELMELAND

Arkivsaksnr: 2021/731-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 19.01.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg	12/21	

### DELEGASJONSSAK RO 09/2021

#### INNVILGA SØKNAD OM DISPENSASJON TIL SNØSKUTERTRANSPORT I VORMEDALSHEIA LANDSKAPSVERNOMRÅDE, 39/7, HJELMELAND KOMMUNE – STIAN MÆLAND

Viser til din søknad datert 14.01.2021 om motorferdsel i samband med frakt av ved, materialar, utstyr og proviant til Vasstøl og ei driftehytte ved Skitholtjørna i Vormedalsheia landskapsvernområde. Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har etter delegert mynde fatta det dette vedtaket 18.01.2021.

Med vennleg helsing

Alf Odden  
Verneområdeforvaltar SVR

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift

Kopi:  
Hjelmeland kommune  
Statsforvaltaren i Rogaland



## Vedtak

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 3 og kapittel VI, punkt 1. i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde får Stian Mæland dispensasjon til å bruke snøskuter til transport av ved, materialar, utstyr og proviant til Vasstøl og ei driftehytte ved Skitholtjørna i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Dispensasjonen gjeld for inntil 6 transportar kvart år innan tidsrommet 01.01-30.04 for perioden 2021-2025.

Dispensasjonen gjeld for dei vanlege kørerutene på strekninga Funningsland-Vasstøl-Skitholtjørna og Meland-Vassbotvatnet-Kurvavatnet-Kvanndal, slik det går fram av kartet i vedtaket. Ved særleg vanskelege is og føreforhold kan andre køreruter brukast.


Dispensasjonen gjeld og for Svein Mæland.

Transporten av saltstein det er søkt om er ikkje søknadspliktig.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det blir observert villrein etter køreruta skal transportane avventast til det ikkje lenger er fare for forstyrring.
- Dispensasjonen kan bli inndratt på kort varsel om omsynet til viltet skulle tilseie det.
- Dispensasjonen skal alltid være med under transportane saman med utfylt loggark.

## Kart over køreruter i verneområdet



Søkarar som blir tildelt leigekøyringsløyve av **Hjelmeland** kommune kan bruke dette løyve brukast til eventuelle leigekøyringsoppdrag i **Vormedalsheia** og **Lusaheia** landskapsvernområder og Holmavassåno biotopvernområde i tidsrommet 2021-2025. Retningslinjer for leigekøring i **Vormedalsheia** og **Lusaheia** landskapsvernområde er gjeve i eit eige skriv som følgjer løyvet.



Køyring med snøskuter i samband med jord- og skogbruksnæring som til dømes utkøyring av saltstein er ikkje søknadspliktig etter verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 3.2, og kan gjennomførast utan dispensasjon. Jakt, fiske og bærsanking blir ikkje rekna som jord- og skogbruksnæring etter verneføreskrifta.

### **Klagerett**

*Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL. Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunnjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplystast når brevet kom fram.*

### **Bakgrunn for søknaden**

Viser til søknad datert 09.11.2020 og vedtak i delegasjonssak RO 25/2016.

Stian Mæland søker løyve til å bruke snøskuter til transport av ved, materialar, utstyr og proviant til Vasstøl og ei driftehytte ved Skitholtjørna i Vormedalsheia landskapsvernombord. Søknaden omfattar og utkøyring av saltstein i området.

Det søkast om 6 turar i året over eit tidsrom på 5 år. Søknaden gjeld vanleg køyrerute frå Funningsland til Vasstøl og vidare over Frigardsheia til Skitholtjørna. Søknaden gjeld og for Svein Mæland. Søknaden omfattar og leigekøyring til hytter ved mellom anna Stakkstøl, Kvanndal og Liarstølvatnet.

### **Formell bakgrunn for vurdering og vedtak**

- Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernombord av 19.04.1991.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

### **Heimelsgrunnlag**

Vormedalsheia vart verna ved kgl. Res. av 19. april 1991. Føremålet med vernet er etter kapittel III i verneføreskriftene å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

Motorisert ferdsel i verneområde vert regulert av kapittel IV, punkt 3 i verneføreskriftene. Her heiter det at motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, samt landing med luftfartøy er i utgangspunktet forbode. I kapittel VI, punkt 1. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i utmark og vassdrag og landing med luftfartøy.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Vormedalsheia landskapsvernombord. Arbeidsutvalet har i AU sak 11/2013, delegert avgjerdsslemynde for dispensasjonssøknadar om ferdsle etter verneføreskriftene til verneområdeforvaltarane.

### **Vurdering**

#### **Naturmangfaldlova**

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.



#### *Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Den omsøkte kjøreruta går i eit relativt ope landskap med fjellbjørkeskog, myrer og vatn om lag 400-900 moh.

Denne delen av Vormedalsheia blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av simlene som har nytta sørrområdet har vore i nærleiken av Vasstøl og Skitholtjørna den tida dei hadde sendar. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei -Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje villreintrekk i nærleiken av køyreruta. Heller ikkje nyare GPS-data frå [www.dyreposisjon.no](http://www.dyreposisjon.no) dokumenterer at det er villrein i området, men dei siste fire vintrane er det observert fleire mindre flokkar i Vormedalsheia, mellom anna i nærleiken av Stakkstøl og på Frigardsheia.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. I Temakart Rogaland er det registrert ein eldre mogleg hekkelokalisitet for hubro (EN – sterkt truga) om lag 300 m frå den omsøkte køyreruta. Lokaliteten har truleg ikkje vore i bruk dei siste åra og høgdeforskjellen mellom lokaliteten og køyreruta er såpass stor at faren for forstyrring ikkje er særleg stor. Utover dette er det så langt forvalningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvalningsstyresmakta kan fatte vedtak i sak. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det står om lag nokre få hytter etter køyreruta og område blir elles noko brukt til dagsturar, men ferdsla i området om vinteren er likevel relativt avgrensa. Det er til saman gjeve 9 snøskuterløye i området ved Stakkstøl og 5 snøskuterløyper over Frigardsheia. Den samla belastning av økosystemet i området må derfor karakteriserast som liten. Etter forvalningssekretariatet si vurdering vil dei omsøkte transportane ha eit såpass avgrensa omfang at dei berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvalningsmyndigheta bruk av snøskuter som det beste alternativet.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

#### *Konklusjon*

Motorferdsla det er søkt om vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Vormedalsheia landskapsvernombjøde og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet.